

Referat frå Elevråd 08.04.26

Til stades:

Jafet, Sofie B. 8A, Frida Aliana 8B, Thomas og Marlen 9A, , Victor og Mathilde 9B, Elen og Ena 10A, Emely og Lina 10B, Grete Reppe Håland, Ingeborg Sagen Milner og Morten Bjorland

Sak 1 Uteområdet

I fht oppgradering av uteområdet på skulen har Elevrådet i dag hatt besøk av Morten Bjorland frå bygg og vedlikehaldsavd. i Time kommune. Morten har utarbeida eit forslag med bakgrunn i det som kom fram på Inovasjonscampen i haust. Han presenterte bilete som synte korleis skulegarden kan bli med ulike aktivitetar. I tillegg såg me ein video som synte ein Interaktiv ballvegg. Dette er berre eit forslag, og det som er avgjerande er den endelege prisen, samt om me får dei midlene som det er tenkt å søkja på. Dei blei avtalt med Morten at han skulle senda over bileta og videoen slik at elevane kan visa det i klassane sine.

Elevrådet sine innspel/spørsmål:

- Den interaktive ballveggen falt i smak, men dei var og oppteken av kva som ville skje med den ved evt hærverk og kor mykje den tålte.
- Buldreveggen/steinane var dei ikkje så interresert i grunna høg kostnad.
- I staden for Buldreveggen/steinane ønskjer dei eit ekstra skur og evt eit bordtennis bord.

Sak 2 Midler frå Jæren sparebank på 15 000 kr

Elevrådet kan tenkja seg å bruka pengane frå Jæren sparebank til eit utandørs bordtennis bord.

Sak 3 Oppdrag ut i klassane

Elevrådsrepresentantane fekk i oppdrag å:

1. Syna forslaget av den oppgraderte skulegarden i klassane sine
2. Be klassen koma med innspel på skulegarden
3. Be klassen koma med innspel til kva pengane frå Jæren sparebank kan brukast på

Elevane melder tilbake til Grete etter dei har hatt det oppe i klassane sine.

Referent

Grete Reppe Håland, Elevrådskontakt - Lye ungdomsskule